

Proess AS
 Lerstadvegen 540

6018 ÅLESUND

Stryn - gbnr. 20/1 m.fl. - detaljregulering for Hjellebakkane - kulturminnefagleg vurdering

Vi viser til tidligare korrespondanse i saka.

Fylkeskommunen har av Proess AS blitt bede om å klargjere dei kulturminnefaglege problemstillingane kring detaljregulering for Hjellebakkane, og komme med ei vurdering av planforslaget slik det no ligg føre.

Automatisk freda kulturminne, gravhaug id. 115171

Gravhaugen er eit nasjonalt viktig kulturminne, som ligg delvis innanfor plangrensa øvst oppe på morenekanten. Plasseringa er typisk for denne typen kulturminne, der innsyn/utsyn til gravminnet var viktig.

På Hjelle er det nærliggjande å setje gravhaugen i samanheng med det førhistoriske ringforma tunet, som ligg på flata nedanfor gravhaugen. Ringforma tun er sjeldne i Sogn og Fjordane og berre tre slike anlegg er kjende. To av dei ligg i Stryn (Hjelle og Indre Bø). Tolkinga av anlegga er at dei har hatt ein samlingsfunksjon anten i militær samanheng, eller i som lokale/regionale forsamlingsstader i samband med gjennomføring av ting og religiøse festar.

Gravhaugen kan i ein slik samanheng ha fungert som ein tydeleg maktdemonstrasjon over kven som rår over det ringforma tunet/tingstaden. Samanhengen mellom gravhaug og ringtun er derfor av stor kulturminnefagleg verdi.

Kulturminnefaglege problemstillingar i høve til detaljreguleringsplanen

1. Kulturlandskapsverdi

Som skissert ovanfor har gravhaugen ein bevisst plassering i landskapet og i høve til det ringforma tunet. Regulering til bustader og bustadutvikling i framkant og på sida av gravhaugen vil bidra til å bryte denne samanhengen/siktlinjer og vesentleg redusere opplevinga av den kulturlandskapsverdien haugen har i dag.

2. Fare for skjemming og øydelegging av gravhaugen

Gravhaugen er automatisk freda etter kulturminnelova § 4. Det er derfor forbod mot alle inngrep i automatisk freda kulturminne jf. kulturminnelova § 3 og 8 med føreskrifter. Det gjeld og sikringssona på minimum fem meter i utstrekning frå gravhaugens ytterkant.

Sjølv om det allereie ligg bustader tett på gravhaugen er vi redd for at å opne opp for utvida bustadbygging tett på gravhaugen kan på sikt medføre større fare for skjemming eller øydelegging av gravhaugen.

I ein slik samanheng vil det heller ikkje vere kulturminnefagleg forsvarleg å regulere haugen til bevaring med bruk av omsynssone.

Tilråding

Ut i frå ei samla kulturhistorisk vurdering, med bakgrunn i problemstillingane ovanfor kan ikkje fylkeskommunen tilrå ein reguleringsplan som opnar for bygging av bustader i framkant, eller på sida av gravhaugen id. 115171.

Som nemnt i fråsegn til varsel om oppstart vurderer vi saka som ei motsegnssak dersom tiltakshavar vel å gå vidare med reguleringsplanen.

Med helsing

Ingebjørg Erikstad
Ass. fylkesdirektør

Glenn Heine Orkelbog
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)
Proess AS Lerstadvegen 540 6018 ÅLESUND

Kopi til:
Stryn kommune